


IFIGENIA i Aulis





Nyomsetjing av *Ifigenia i Aulis*



Så vidt vi veit er ikkje dette dramaet spelt her i landet før, i alle fall ikkje i nyare tid. Thea Stabell ønskte seg derfor ei heilt ny og frisk omsetjing av grunnteksten til Euripides.

Professor Synnøve des Bouvrie, ved Univ. i Tromsø og leiar for det norske klassiske instituttet i Aten, gjorde først ei prosaomsetjing med kommentarar, seinare førte Ragnar Olsen denne teksten over i bunden form, eller rettare sagt, i bundne former. Thea Stabell samarbeidde også med desse omsetjarane da ho sette opp *Antigone* på Hålogaland Teater for nokre år sidan.



Walter Benjamin i *Illuminationen*. Framstilling av historiens engel.

«Andletet hans er vendt mot fortida. Der vi oppfattar ei lenkje med hendingar, ser han berre ein einaste katastrofe som driv på med å samle vrakgods på vrakgods og slengjer det framfor føtene hans. Engelen ville gjerne bli verande, vekkje dei døde og gjere heilt att det som er knust. Men ein storm blæs frå paradiset; den har fått tak i vengene hans med slik kraft at engelen ikkje kan falde dei saman att. Denne stormen dreg han uimotståeleg inn i framtida, som han vender ryggen til, medan haugen med avfall framfor han veks skyhøg. Denne stormen er det vi kallar framsteg.»



Roberto Callasso:


Le nozze di Cadmo e Armonia

«Den greske guden set ikkje fram noko påbod. Korleis skulle han forby noko, når han har gjort alt sjølv, gode gjerningar og vonde? Grekarane hadde nok grunnsetningar som tok sikte på å vere bodord. Men dette var ikkje grunnsetningar som var komne ned frå himmelen. Dersom vi ser nærmare på desse grunnsetningane, på korleis dei kravde visdom, kontroll, korleis dei åtvare mot all overdriving, da oppdagar

vi at dei er bodord av eit heilt anna slag: dei er grunnsetningar som menneska har utarbeidd for å forsvare seg mot gudane. Grekarane hadde ikkje talent for måtehald. Dei visste at grensesprenging er noko guddomleg, og at det guddomlege overvelder livet. Men dess meir dei fann seg sjølve gjennomsyra av det guddomlege, dess meir ønskte dei å halde dette på armlengds avstand - på same måten som slavar dreg fingrane over sine arr. Vestleg måtehald, som to tusen år seinare skulle bli til alminneleg fornuft, var i førstninga ikkje noko anna enn

blendverk som glimta fram gjennom elementas storm.

Kva var det så dei greske gudane ønskte av menneska? Dei kravde sikkert ikkje at vi skulle oppføre oss på den eine og ikkje den andre måten. Dei var likeså reie til å forsvare dei urette handlingane til ein dei lika som til å fordømme rette handlingar hos ein som dei ikkje lika. Kva var det så dei ønskte? Å bli gjenkjent. Å bli gjenkjent er å bli erkjent som form. I vår moderne, utarma språkbruk kunne vi seie at der dei først og fremst gjorde seg gjeldande,



var i estetikken. Men med ei meining av dette ordet som litt etter litt har gått tapt: estetikken der eit nettverk av krefter er konsentrert i ein person, ein kropp, ei røyst.

Dersom vi skulle kjenne oss tvinga til å prøve å forklare kva gudane var for grekarane, kunne vi seie at dei er alt som fjernar oss frå det som er vanleg. "Saman med ein gud vil du alltid gråte og le," les vi i Sofokles' Ajax. Livet berre som vegetativ utdryging, dimgjorde augo som stirer ut på verda, visse om å vere seg sjølv utan å vite kva

ein er - eit slikt liv treng ingen gud. Det er eit rike dominert av den spontane ateismen til *homme naturel*.

Men så hender det at noko uforklarleg og sterkt skakar kropp og sjel og får beingrinda til å skjelve, da den personen som for berre ein augneblink sidan var sløv og agnostisk, brått ristar av latter og draps-galenskap, eller av hjarteskjærande kjærleik, eller av hallusinasjonar i ulike former, eller at ein merkar at andletet fløymer fullt av tårer - da kan det hende grekaren oppfattar at han ikkje er åleine. Nokon

annan står ved sida av han, og at denne *nokon* er ein gud. Han har ikkje lenger ei klår oppfatning av situasjonen, slik han opplever tilværet til vanleg. Denne klårleiken har i staden gått over til den guddomlege følgjesveinen hans. Ein skarp profil mot himmelen, guden er strålende, medan den personen som vekte han, står att, forvirra og overvelda.»

[til nynorsk ved Leif Mæhle]



IFIGENIA i Aulis

av Euripides

Omsett frå gresk av
Gjendikting
Musikk

Regi
Scenografi
Kostyme
Lysdesign
Dramaturg

Synnøve des Bouvrie
Ragnar Olsen
Christian Eggen

Thea Stabell
Carle Lange
Ingvild Hovind
Tryggve Ildahl
Cecilia Ölveczky

Agamemnon
Klytaimnestra
Ifigenia
Den gamle tenaren
Menelaos
Bodberaren
Akkilles
Cyrene
Pheraia
Timandra
Coronis
Aphaia
Niama
Akkilles' adjutant

Paul-Ottar Haga
Hildegun Riise
Andrea Bræin Hovig
Nils Sletta
Svein Roger Karlsen
Marianne Krogh
Bjørnar Teigen
Trini Lund
Tone Ringen
Marit Kolbræk
Wenche Elena Medbøe
Ragnhild Hilt
Elisabeth Rodrigues
Buntu Pupa



Musikalsk innstudering
Repetitør
Inspisient
Maske og parykkar

Lyd
Lydprogrammering
Lysmeistrar

Rekvisitør
Sufflør
Scenemeistrar

Kostymekoordinator
Figurinstruksjon
Konsulent

Ingrid Bjørnov
Edle Stray Pedersen
Per Berg-Nilsen
Britt-Helen Riise/
Line Hvalbye Grønli
Igor Zamarajev
Christian Snilsberg
Pelle Dengsø /
Rune Aspeggen
Helge Fykse
Sissel Lillo-Stenberg
Birger Kingsrød /
Karl Otto Tangen
Eldbjørg Aarseth
Tinken Laurantzon
Issaka Sawadogo



Stor takk til VIF-klanen for musikalsk bidrag. (Foto: Espen Rasmussen)

Foto: Marit-Anna Evanger

Programredaksjon: Thea Stabell, Cecilia Ölveczky, Signe Bjørvik, Ida Michaelsen
Grafisk formgjeving: Knut-Jarle Hvitmyhr
Trykk: Falch as

Noregspremière 6. september 2000 på Scene 2

Afrodite – fødd av havet da Cronos hogg kjønnsorganene av far sin Uranos og slengde dei i havet. Namnet tyder "fødd av havets skum". Gudinne for kjærleik og venleik, venskap og kjensler.

Aigina – dotter av Asopos. Ho fekk ein son med Zevs, Aiakos, og er bestemor til Peleus.

Akilles – son av havgudinna Thetis og Peleus. Han blei oppseda av onkelen, Kheiron, som var kentaur, dvs halvt mann og halvt hest. Konge over Fthia. Folket hans blei kalla myrmidonarane.

Apidanos – elv i Fthia, der Akilles bur.

Ares – krigsguden

Argos – hovudstad i Agamemnons rike

Artemis – dotter av Zevs, tvillingsyster av Apollon. Jomfru, vernar fødande kvinner, jaktgudinne, månegudinne, fruktbarheitsgudinne.

Arethousa – kjend kjelde på øya Euboia.

Atreus – far til Agamemnon og Menelaos.

Aulis – naturleg havn på

det greske fastlandet, innanfor øya Euboia, med Artemis tempel og kjelde.

Euboia – øy nordaust for Aten, som skjermar havna i Aulis frå Egeerhavet.

Euripos – sundet mellom fastlandet, der Aulis ligg, og øya Euboia.

Eurotas – elv ved byen Sparta, kongedømmet til Menelaos og Helena.

Frygia – landskapet rundt Troja, dvs. Troja – no i Tyrkia.

Helena – syster til Klytaimnestra, kona til Menelaos, verdas vakraste kvinne.

Helios – sola, solguden

Hera – Zevs' kone, vernande gudinne for byen Argos.

Hermione – dotter av Helena og Menelaos.

Idafjell – fjellet i nærleiken av Troja, noverande Tyrkia.

Kalkas – sjåar for grekarane

Kassandra – dotter av Priamos. Har fått synske evner av Apollon. Fekk



samstundes kasta ei forbanning over seg om at spådommene hennar ikkje ville bli trudd.

Khalkis – by på øya Euboa.

Leda – mor til Helena, Klytaimnestra og Foibe.

Lydia – naboland til Frygia og Troja, noverande Tyrkia.

Mykene – kongeborga til Agamemnon, bygd av dei einauga gigantane som blir kalla Kykloper.

Nereus – havgud og far til femti døtre. Den eine er Thetis, mor til Akilles.

Odyssevs – konge i Ithaca og ein av generalane i den greske hæren.

Orfeus – mytisk songar. Songen og lyrespelet hans hadde slik makt at det kunne temje ville dyr og få steinar til å røre seg.

Palla Atene (Zeus' dotter), Hera (Zeus' hustru) og Afrodite (kjærleikens gudinne) – tre gudinner som kom til Paris på Idafjellet og tvinga han til å dømme kven som var den vakraste. Han valde

Afrodite, og som løn lova ho han verdas vakraste kvinne, Helena, kona til kong Menelaos.

Paris – son av Priamos, konge over Troja. Han forelska seg i Helena, kona til kong Menelaos og dei rømde saman frå Sparta til Troja.

Pelops – bestefar til Agamemnon og Menelaos.

Simois – elva på sletta der byen Troja ligg.

Sisyfos – far til Odyssevs.


Sparta – kongedømmet til Menelaos.


Taltybios – herold i den greske hæren.

Tantalos – oldefar til Agamemnon og Menelaos.

Thestios – far til Leda.

Tyndareos – svigerfar til Agamemnon, far til Helena, Klytaimnestra og Foibe.





Euripides

Euripides levde truleg i åra 485 til 406 f. Kr. Han vart fødd i ein landsby i Attika. Familien flytta til øya Salamis under Persarkrigane – det var nett der grekarane vann sin store siger over den persiske flåten i 480 f. Kr. Gutedagane til Euripides fell saman med stordomstida til Athen, da byen etter sigeren over persarane vart ei supermakt i det austlege Middelhavet. Som ung studerte Euripides filosofi og han skal ha vore ein ven av Sokrates og fleire av dramatikarane i samtida. Han debuterte i 455 og den første dramatiske siger vann han i 441. På grunn av ideane sine og eit vesen som skal ha vore dystert og innovervend, vart han ofte kritisert av komedieforfattarane. Han var ikkje populær i si eiga tid. Berre fem av dei tjue skodespela han sende inn til konkurransane under Dionysos-festivalane vann prisar. Av dei 88 (kanskje 92) drama han skreiv, er 17 ekte tragediar og eit satyrspel (*Kyklopen*) bevart. Ein kjenner elles titlane på dei andre drama hans, ei heil rekkje sitat og, på grunn av nyare papyrusfunn, mange samanhengande parti frå fleire av stykka. Dei bevarte tragediane kan ordnast nokonlunde kronologisk slik: *Alkestis* (438), *Medea* (431), *Heraklidane* (430?), *Hippolytos* (428), *Hekabe* og *Andromakhe* (ca. 425), *Hiketidane* (424?), *Herakles* og *Elektra* (ca. 420-415), *Dei trojanske kvinnene* (415), *Ifigenia blant taurarane* og *Ion* (414/413?), *Helena* (412), *Dei fønikiske kvinnene* (ca. 411-408), *Orestes* (408), *Ifigenia i Aulis* og *Bakkantinnene* (begge oppført etter Euripides' død).

Skodespela vitnar om ein desillusjonert, søkjande intelligens. Innstillinga hans til liv og samfunn var grunnleggjande kritisk. Han såg klårare enn dei fleste at stordomstida, bløminga til det atheniske demokratiet, allereie var i ferd med å gli over i dekadense og nedgangstider. Byen heldt på å bli imperialistisk og ekspansjonistisk - ideala som ein gong låg til grunn for staten, var gløynde. I ei tid da Athen stadig låg i krig med Sparta, var Euripides ein motstandar av all krigføring – dette kjem til uttrykk i fleire av dei beste stykka hans, særskilt i *Ifigenia i Aulis*.

www.fokus.no

Fokus Nettbank - heilt enkelt

Du får oversikt over egne konti. Kan overføre pengar mellom dei. Betale rekningar. Søkje om lån og rekne ut lånekostnader.

Du kan gjere det meste - heilt enkelt.

Fokus **Bank**

del av Danske Bank

Hovudsponsor for Det Norske Teatret



Depotbiblioteket

Nå
Nå
Eg
Mit



00sd 35 369

*Mi k y v e unge
snakkar blankt og hardt.
Det blanke er l gna.
det harde er d d.*

*N  fekk eg enkle tankar.
Eit panser ned mot panna.
Ein eim av svidde nervar.
Eit pattedyr har tapt.*

av Helge Torvund
Henta fr  Kitty K.
Samlaget 2000

det norske teatret